

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA-C29, FA-C90, TI-&38	21/1055

Saknr	Utval	Type	Dato
106/2021	Formannskapet	PS	22.11.2021
065/2021	Kommunestyret	PS	02.12.2021

Handlingsplan 2022- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og frilutsliv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan 2022, Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og frilutsliv vert vedteken slik det går fram av rådmannen sin konklusjon i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Handlingsplanen byggjer på Kommunedelplan for idrett, frilutsliv og fysisk aktivitet 2017-2024, og skal reviderast kvart år. Kommunedelplanen er eit politisk dokument og eit styringsverktøy og skal vera noko meir enn ein rein anleggsplan.

I kommunedelplanen for idrett, frilutsliv og fysisk aktivitet vert satsing på folkehelse sterkt vektlagt. Målet er at flest mogeleg av innbyggjarane våre skal kunne delta i fysisk aktivitet, og at det vert tilrettelagt anlegg/område som kan gjera det lettare for fleire å driva ei eller anna form for idrett eller fysisk aktivitet.

I kommunedelplanen vert det og påpeika at nærleik til tilbod har sterk påverknad på aktivitetsnivået.

For at tiltak skal koma i posisjon til å kunne søkja spelemidlar må dei vera med i handlingsplanen. Dette gjeld både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Fakta/ vurdering

Under ser ein vedteken handlingsplan for noverande år. Sakshandsamar har lagt til kommentarar/status på dei ulike prosjekta.

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar	Kommentarar
1	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune	a) Fri-idretts løpebane inkl hoppegroper. Initiert og i prosess med

			<p>kommunale ressursar. Mål: Spelemiddelsøknad innan 15.01.22.</p> <p>b) Aktivitet i sektorane Spelemiddelsøknad ikkje påbegynt. Ev nærmiljøsøknad for kvar sektor. Kommunen er eiger, men er ikkje initiavtakar og planleggjar for innhald i desse områda. Kan rekna med at kommunen bidreg som medfinansior på det som er spelemiddelberettiga. Det som ikkje er spelemiddelberettiga må finansierast på andre måtar.</p>
2	Varmestove Stordalen	IL BW	<p>Tiltaket har eigar. Det er nedsett prosjektgruppe. Rådmannen ber om tilbakemelding dersom tiltaket ikkje er tenkt realisert.</p>
3	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune	<p>c) Flomlys Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon i 2021. Søknad vert fornya innan 15.01.22 v/ sakshandsamar. Kommunal del er ikkje finansiert pr i dag. Søkar er Masfjord fotballag. Viktig at søknaden får oppdaterte kostnader med påfølgande endring i finansiering før søknad vert fornya.</p>
4	Turveg Haugsvær- Matre	IL BW	<p>Usikker på om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.</p>
5	Interkommunal fleirbrukshall		<p>Ingen konkrete avtalar.</p>
6	Ryddda og merka samanhengande stiar i	IL BW og Fjon UIL	<p>Usikker på om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal</p>

	fjellområda mellom Andvik og Indre Haugsdal		tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.
7	Rehabilitering utandørs skytebane	Fjon UIL	Usikker på om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.
8	Lysløype/turveg på Sleire		Usikker på kven som er « eigar», eller om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.

B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar	
1	Turstiar på Bakken/ Kvingo 2	Kvinge grendalag	Tildelt spelemidlar 2020/2021. Skal ut av planen for 2022.
2	Ballbinge ved Skjelsundet	Skjelsundet Vel	Tiltaket er påbegynt. Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon i 2021. Søknad vert fornya innan 15.01.22 v/ sakshandsamar. Søkar og eigar er Skjelsundet Vel. Viktig at søknaden får oppdaterte kostnader med påfølgande endring i finansiering før søknad vert fornya.
3	Dagsturhytte 1	Masfjorden kommune	Tiltaket er ferdigstilt innanfor ramme. Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon i 2021. Søknad vert fornya innan 15.01.22 v/ sakshandsamar. Søkar er Masfjorden kommune.
4	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte 1»	Masfjorden kommune	Tiltaket er påbegynt. Spelemiddelsøknad godkjend, men ikkje gjeve tilsagn grunna for lite statlege midlar til disposisjon i 2021. Søknad vert fornya innan 15.01.22 v/ sakshandsamar. Det er innhenta anbod.

			Søkar er Masfjorden kommune.
5/6	Dagsturhytte 2 og 3	Idrettsrådet	Merkevara dagsturhytta er realisert i kommunen. Kommunestyret har lagt inn ytterlegare to dagsturhytter etter innspel frå Idrettsrådet. Dagsturhytta er ei merkevara som ikkje kan etablerast fritt utover dei som er etablerte i prosjektet, i dette tilfellet i gamle Hordaland. Med «merkevara dagsturhytta» meiner ein namn, «kroppen», skilting og profilering. Rådmannen forstår ynskje og behovet for liknande tiltak. Tiltaka må ha eigar, eigne planar/teikningar og finansiering. Idrettsrådet kan ikkje stå som søkjar av spelemidlar.
7	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Risnes IL/ Masfjorden fotballag/ Masfjorden kommune	Usikker på om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.
8	Mineatyrskyttebane Nordbygda	Frøysetvågen skyttarlag	Usikker om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.
9	Vidare utvikling av nærmiljøanlegg Sandnes skule	Sandnes skule	Usikker på kven som er « eigar», eller om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast.
10	Orienteringskart ved skulane	Idrettsrådet	Usikker på om det eksisterer planar og kostnadsramme. Skal tiltaket stå i planen, må dette konkretiserast. Idrettsrådet kan ikkje stå som søkjar av spelemidlar.
11	Ballbinge Nordbygda skule	FAU Nordbygda	Kom inn på planen 2021.

		skule	Det er eit ønskje om ballbinge, men enno ingen planar
--	--	-------	---

Eitt tiltak fekk tildelt spelemidlar 2021, og går ut av planen for 2022. Dette gjeld Turstiar Bakken/Kvingo med tildeling kr 300 000 i 2020 og tilsvarande sum i 2021.

For 2021 vart det og søkt spelemidlar for

- Nærmiljøanlegg Skjelsundet
- Dagsturhytta
- Turveg til dagsturhytta
- Lys Nordbygda sentralbaneanlegg

Alle desse søknadane er godkjende, men grunna for liten tildelingspott vart dei ikkje tildelt midlar dette året. Søknadane vert vidareført til 2022-tildelinga. For tida har Vestland eit etterslep på tildelingar på inntil 4 år når det gjeld ordinære anlegg.

Når det gjeld nokre av spelemiddelsøknadane er desse av ein slik storleik at dei høyrer heime under Ordinære anlegg, og ikkje nærmiljøanlegg. Dette har blitt påpeika av Vestland fylkeskommune, og tiltaka er difor flytta til riktig kategori i Handlingsplanen for 2022.

Alle fire søknadane har høg prioritet også i 2022. Eitt av tiltaka er ferdigstilt, to er under arbeid og eitt er ikkje påbegynt.

Som det går fram av kommentarane i tabellen over opplever rådmannen at fleire anlegg har stått i planen i mange år utan aktivitet, og ein er usikker på «eigar» av fleire av tiltaka.

På bakgrunn av dette har Idrettsrådet, der dei fleste av desse tiltaka i si tid har blitt meldt inn, blitt oppmoda om å føreta ei oppdatering og vurdering slik at handlingsplanen gir eit realistisk bilete av anlegg ein har planar om å realisera i næraste framtid.

Oppdateringa viser igjen i høyringsuttalen frå Idrettsrådet under.

Høyring

Idrettsrådet har i møte 08.11.21 kome med uttale til rullering av handlingsplanen:

«Idrettsrådet hadde fått tilsendt kommunen si tilråding til prioriterte anlegg for spelemiddelsøknader i 2022. Idrettsrådet har lagt til grunn dialog med idrettslaga om framdrift og realisme av dei ulike prosjekta for evt. søknader om spelemidlar alt i 2022.»

Ordinære anlegg:	Ansvarleg søker:	Kommentar:
1 Dagsturhytte 1	Masfjorden kommune	Søknad om spelemidlar i 2021 fekk ikkje tildeling.
2 Univ. Tilrettelegging	Masfjorden kommune	Søknad om spelemidlar i 2021 fekk ikkje tildeling
3 Flomlys Nordb.idr.anl.	Masfjord Fotballag	Søknad om spelemidlar i 2021 fekk ikkje tildeling.
4. Nytt friidrettsdekke Nordbygda idr.anl.	Masfjorden kommune/ Masfjord FL/Risnes IL	Søknad ikkje sendt i 2021, Finansiering ikkje avklara
5. Varmestove Stordalen	IL Bjørn West	Prosjektering er i arbeid, finansiering ikkje avklara
6. Interkommunal fleirbrukshall	Uklart	Næringslivet i Sløvåg har ferdig prosjektert prosjekt
Nærmiljøanlegg:		
1 Ballbinge ved Skjelsundet,	Skjelsundet Vel	Byggeklart og finansiering avklara.
2. Turløype ved Nordbygda idr.anl.	Uklart	Turløype er opparbeida og ferdigstilt i 2021.»

«Vi kjenner ikkje til andre anlegg som vil vere klar for å sende spelemiddelsøknader for 2022 ut over det vi har tatt med i referatet».

Idrettsrådet tilrår at ein ikkje tek ut interkommunal fleirbrukshall under Ordinære anlegg, sjølv om eigartilhøve til tiltaket er uavklart. I samband med felles møte mellom idrettslaga i Gulen og Masfjorden nyleg vart det presentert planar i regi av næringslivet i Sløvåg.

Idrettsrådet ønskjer og at turløype ved Nordbygda idrettsanlegg vert ståande, ettersom det i 2021 er opparbeida ei sløyfe på ei slik løype.

Konklusjon

På bakgrunn av innstilling og kommentarar frå Idrettsrådet, og egne vurderingar, innstiller rådmannen på følgjande handlingsplan for 2022:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
1	Dagsturhytte 1	Masfjorden kommune
2	Delprosjekt « Universell tilrettelegging ved dagsturhytte 1»	Masfjorden kommune
3	Flomlys Nordbygda idrettsanlegg	Masfjord fotballag/ Masfjorden kommune
4	Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda	Masfjorden kommune
5	Varmestove Stordalen	IL BW
6	Interkommunal fleirbrukshall	Uklart
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
1	Ballbinge ved Skjelsundet	Skjelsundet Vel
2	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg	Uavklart

Formannskapet - 106/2021

FS - behandling:

Sakavart drøfta.

FS - vedtak:

Handlingsplan 2022, Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken slik det går fram av rådmannen sin konklusjon i saka.

Kommunestyret - 065/2021**KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg frå AP - Foreslår at A1 (Rehabilitering av friidrettsanlegget, Nordbygda) blir bytta med A3 (Flomlys Nordbygda idrettsanlegg) i kommuneplan for plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Handlingsplan samrøystes vedtatt med endringsframlegget til AP

KS - vedtak:

Handlingsplan 2022, Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken slik det går fram av rådmannen sin konklusjon i saka, kor A1 (Rehabilitering av av friidrettsanlegget, Nordbygda) blir bytta ut med A3 (Flomlys Nordbygda idrettsanlegg).